



## Gode Lionsvenner i 104C

### Månadsbrev august 2021

#### Klar ferdig gå...

Då håpar og trur eg at dei fleste klubbane er komne i gang med det nye Lionsåret og at medlemmane er klare til å fortsetja det gode arbeidet slik at me kan halda fram med å gjera ein forskjell for dei som treng det. Dei er mange, både her heime og ikkje minst ute i verda. Distriktet har hatt sitt første styremøte og Lions Norge hadde guvernørrådsmøte 14. august. I helga som var, arrangerte Lions Norge fagdagar på Gardermoen. Fagsjefar frå heile landet fekk fagleg påfyll og inspirasjon som dei skal dela vidare med klubbane i distrikta.

#### Presidenttreffet

Så nærmar det seg presidenttreffet som er på Karmøy no til helga. Det er kjekt at mange har meldt seg på, men det kunne godt vore enno fleire. For dei som måtte ønskja det, er det fullt mogeleg å vera med på opplæring og foredrag på dagtid enten fysisk eller på web. Generalsekretær Hroar Thorsen kjem også i år for å inspirera og motivera oss. Det vil bli gitt opplæring om Lions, StyreWeb, MyLion og mykje meir. Utlandssjef i Lions Norge og dagleg leiar i Lions Aid Norway (LAN) , Annette Pemmer, vil orientera om "Nytt Hovedprosjekt Utland MD 104 ". Her er mykje spennande på gang.



Så kan me ikkje ha presidenttreff i år utan ei orientering om **Lions Røde Fjær** og innsamlingsaksjonen som er 11.-13. februar. Oppstarten er i november. Planane er gode og mange. Eg har stor tru på at me skal nå målet på 50 millionar. LRF- koordinatoren i distriktet vårt er Jan Egil Friestad frå LC Klepp. Ta gjerne kontakt med han dersom de har spørsmål til aksjonen.

**Gler meg til helga og hyggeleg samvær med andre Lions frå heile distriktet.**

#### Rapportering i MyLion

Eg kan jo ikkje senda månadsbrevet ut, utan å minna om rapportering i MyLion. Dette må på plass i alle klubbane i år. Høyrer stadig vekk argument for ikkje å gjera det. Tungvint, unødvendig, vanskeleg, kjem ikkje inn, skal "dei" sjekka oss, me gjer som me vil og så vidare. No er det berre sånn at me ikkje har noko val. Dette har kome for å bli. Alle klubbane skal rapportera aktivitetar og møter. Det vil bli stort fokus på dette framover og det vil bli gitt opplæring i klubbar og sonar. Det me ikkje kan er alltid vanskeleg, men berre til me har lært det. Dette fiksar me.

**Eg håpar alle blir med, løftar og synleggjer den humanitære innsatsen og det gode arbeidet som me alle gjer i denne organisasjonen me er ein del av og som me er stolte av å være medlemmer i.**



### Lojalitet til Lions

Lojalitet til Lions vil det bli stort fokus på dette året. Det er så viktig at me alle drar i same retning og støttar opp om felles prosjekt enten det er i sonen, i Distriktet eller i Lions Norge. Minner her om handlingsplanen til Distriktet. Berre om alle klubbar tar sin del, kan me oppnå måla i den. I staden for å gi milde gåver til ulike organisasjonar, ber eg om at me heller støttar opp om våre eigne aktivitetar. Me har til dømes Lions Norge Katastrofefond og LCIF som hjelper til når ein katastrofe skjer enten her heime og ute i verda. Sist på Haiti der Lions Norge Katastrofefond gav kr 300.000 til hjelpearbeidet. Følg lenka under. Der kan du også gi eit bidrag om du ønskjer det.

<https://www.lions.no/informasjon/nyheter/vis/?T=Lions%20Norge%20bidrar%20til%20Haiti&ID=25718&af=1>

### Resurspersonar i Distriktet

Eg er så takknemleg og glad for å ha flotte og dyktige folk med på laget dette året også.

Mange flinke og kunnskapsrike medlemmer i Distriktsrådet er der for å hjelpe og rettleia klubbar som måtte ønskja det. Ta gjerne kontakt med desse om de vil ha besøk av dei på eit klubb- eller sonemøte, eller om de treng råd og hjelp til eit eller anna. Dei ventar berre på å bli kontakta.

<b>GLT - Jarle Hanstveit - LC Osterøy:</b>	<b>Har ansvar for opplæring</b>
<b>GMT - Jarle Rognstad - LC Sandnes/Riska:</b>	<b>Har ansvar for medlemsverving/pleie</b>
<b>GST - Egill Soldal -LC Askøy:</b>	<b>Koordinator for aktivitetar og prosjekt - My Lion</b>
<b>NAC - Mathias Vikse - LC Sveio:</b>	<b>Førebyggjande ungdomsarbeid</b>
<b>IRC - Lars Tveter - LC Stavanger:</b>	<b>Internasjonalt arbeid</b>
<b>PRC/ITC - Terje Berge</b>	<b>Informasjonsansvarleg mm</b>
<b>Marwin Hopland -LC Bergen/Bergenhus:</b>	<b>Campaign 100 - koordinator</b>
<b>Jan Egil Friestad- LC Klepp</b>	<b>Lions Røde Fjær koordinator</b>
<b>Odd Konrad Dale- LC Sveio:</b>	<b>Lovkomite - leiar</b>

Hald deg gjerne oppdatert med å sjekka <https://www.lions.no/> innimellom.

Er du ikkje allereie medlem av **Facebook -sida** vår "**Lions Distrikt 104C**" så må du gjerne bli det. Bruk sida, alle kan leggja inn **Lions-aktivitetar** der. Få nye idear og bli inspirert av det andre legg ut. Det er veldig kjekt å følgja med på alt som skjer i Distriktet vårt og det faktisk mykje å henta der.

Ta gjerne kontakt med meg. Eg er stort sett alltid tilgjengeleg på telefon og e-post.



**Beste Lionshelsing frå  
Gunnhild Rein Almås  
Distriktsguvernør 104C 2021-2022  
Telefon 90 79 67 47 c.dg@lions.no**